

Fra: Knut Inge Andersen (Knut.Inge.Andersen@vlfk.no)

Sendt: 08.01.2021 20:02:30

Til: Stian Jean Opedal Davies

Kopi: Politisk; Geir Kjell Andersland

Emne: Interpellasjon til møte i KULII 13.1.2021 Kunstgrasbaner - revidere tildelingskriterier i spelemiddelordninga

Vedlegg:

Interpellasjon til møte i KULII 13.1.2021:

Kunstgrasbaner – revidere tildelingkriterier i spelemiddelordninga

Planane om å skifte frå grasbane til kunstgrasdekke på Brann Stadion har skapt mykje merksemd denne veka. Planane har møtt sterk motbør frå Brann sitt supportermiljø og også frå spelarane sjølv.

Utval for Kultur, Idrett og Integrering skal i møtet den 25.mai 2021 tildele årets spelemidlar til idrettsanlegg gjennom tippemidlane.

Ein veit erfaringsmessig at ein god del av søknadene og tildelingane vil gjelde kunstgrasbaner, eventuelt rehabilitering av eksisterande kunstgrasbane.

Mange meiner at auken i talet på kunstgrasbaner er uheldig, ut frå miljøomsyn. Det er også slik at kunstgrasbaner får redusert bruksmogelegheitene til andre typar idrett.

Spørsmål til utvalsleiar

- Ser utvalsleiar at det kan være nyttig å gå gjennom tildelingskriteria og tildelingsrammene mht kunstgrasbaner før årets tildelingsrunde?

Framlegg til vedtak

Utval for kultur, idrett og integrering får ei politisk sak om alternative tildelingskriterier for kunstgrasbaner til neste utvalsmøte. Ein vil der sjå på ei mogeleg innstramming og/eller utfasing av slike midlar gitt gjennom Vestland fylke sine ordningar og innstille til fylkesutval/fylkesting slik at ei endring vil bli gjeldande for tildelingsrunden i 2021.

Knut Inge Andersen

Utvalsmedlem

Folkeaksjonen Nei til meir bompengar

90584170

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.

Thank you